



SOGN OG FJORDANE FYLKESKOMMUNE
MO og ØYRANE VIDAREGÅANDE SKULE



Utviklingsplan 2018 – 2021



Skulen sin visjon og pedagogisk plattform

Visjon

«Framtidsyrke med fagleg styrke»

Pedagogisk plattform

mangfald og meistring

omsorg for alle

yrkesfag og framtid

verdifulle og likeverdige individ

etiske val for menneske og miljø

rettferd og tryggleik

deling og samhandling

inkludering og samhald

aktivitet og læring

respektfulle handlingar

Mål og strategidokumentet for vidaregåande opplæring i Sogn og Fjordane 2018-2021 «*Mot nye høgder*» vart vedtatt i Fylkestinget i desember 2017. Tilhøyrande handlingsplan for skuleåret 2018-2019 vart vedtatt i Hovudutvalet for opplæring 15. februar 2018. Dokumenta skal i lag med skulen sine eigne satsingar, danne grunnlag for skulen sin utviklingsplan i perioden 2018 – 2021. Utviklingsplanen skal årleg reviderast.

Gjennom å skape trivsel, mestring og gjennomføring av vgo. skal me saman nå desse hovudmåla:

- Elevar og læringar i Sogn og Fjordane har det kvalitative beste opplæringa
- Vidaregåande opplæring er organisert slik at ein har eit breitt tilbod til ungdom og vaksne i Sogn og Fjordane
- Vidaregåande opplæring spelar ei viktig rolle for kompetanseheving, næringsutvikling og lokal samfunnsutvikling i fylket
- Opplæringa er heilskapleg frå grunnskule til fullført vidaregåande opplæring

Satsingsområde 1. Leiing

Kvalitetsmål

Leiinga og tilsette utviklar skulen i eit profesjonelt samarbeid.

Strategiar – skulenivå

«I lærande organisasjonar utviklar deltakarane jamleg evna til å skape ønska resultat, der nye og ekspansive tankesett vert framelska, der kollektive ambisjonar får spelrom, og der menneska kontinuerleg lærar meir om korleis ein lærar saman» (Senge 1990)

1.1 Leiing og tilsette ved skulen bidreg til å utvikle kvalitet i skulen skulen ved:

- At det vert sett av tid til kollektivt arbeid.
- At kollektive og lærande prosessar der erfaringsdeling og refleksjon vert nytta som gjennomgåande arbeidsmetode.
- At leiinga nyttar utviklingsarbeid til å setje tydeleg retning for skulen og deltek i utviklingsarbeid
- Å ivareta og byggje gode relasjonar og ein positiv organisasjonskultur som bidreg til å styrkje identitet og omdømme.

Satsingsområde 2. Opplæring

Kvalitetsmål

Alle elevar blir sett og møter ei opplæring som gjev kunnskap, haldingar og lyst til å møte livet fagleg, sosialt og personleg. Både elevar og lærarar skal medverke til eit læringsmiljø der alle er trygge og kan bruke tid på læring. Elevar skal få ei opplæring der kvar ein skild elev blir

motivert til maksimalt fagleg-, sosialt- og personleg engasjement. Dei skal oppleve ein tydleg samanheng mellom mål, innhald, læringsstrategiar og vurdering. Elevar får støtte og oppmuntring til å meistre læringsarbeidet sitt og utvikle fagleg og sosialt mot («Mot nye høgder»).

Strategiar – skulenivå

*«God undervisning set læring i gang – men den vert fyllburda ved eleven sin eigen innsats. Den gode lærer stimulerer denne prosessen»
(Læreplan for Kunnskapsløftet 2006, generell del).*

2.1 Elevar og lærarar tek i bruk og vidareutviklar metodar og organiseringsmåtar som gjer opplæringa tilpassa, variert og relevant.

Opplæringa skal særskilt tilpassast ved å:

- bevisstgjere eleven på opplæringsmål, innhald, elevmedverknad, eigenvurdering og ved at det vert nytta formativ vurdering
- utvikle elevanes evne til refleksjon og kritisk tenking
- nytte ulike læringsstrategiar som er til hjelp i læringsarbeidet (lære å lære)
- gje yrkesretta og relevant fag- og yrkeskompetanse og som gjev grunnlag for livslang læring
- sikre at tilsette har god generell og høg spesiell (knytt til utdanningsprogram) digital kompetanse. Digitale verktøy vert nytta i opplæringa.
- nytte konkurransar er ein av fleire metodar for å auka motivasjon og læringsutbytte.
- auke kompetase på migrasjonspedagogikk og samarbeide om inkludering.

2.2 Elevane skal oppleve eit godt psykisk læringsmiljø ved å:

- auke tilsette sin kompetanse på samheng mellom psykisk helse og læring
- institusjonalisere tiltak etter mal frå «Draumeskulen» der alle klassar og tilsette er involvert i arbeidet

2.3 Skulen skal vere godt førebudd til å ta i bruk nye læreplaner frå hausten 2020 ved å:

- vere godt informert om arbeidet med fagfornyng og å delta i nasjonale høyringar
- arbeide i kollegabasert samarbeid med å utarbeide lokale læreplanar og å førebu opplæring/undervisning i dei ulike faga på dei ulike nivåa

Satsingsområde 3. Fag – og yrkesopplæringa**Kvalitetsmål**

For å styrkje det 4-årige utdanningsløpet skal samhandling mellom interne og eksterne aktørar i eleven og lærlingen sitt opplæringsløp styrkast. Minst 87 % av elevane som byrjar i vidaregåande opplæring skal ha gjennomført opplæringa innan fem år («Mot nye høgder»).

Strategiar – skulenivå

«Det er viktig å rette hovudinnsatsen der endringar kan gjerast og der skulen og opplæringsystemet kan påverke» (Markussen, 2016)

3.1 Elevane skal få god karriererettleiing ved at:

- det er eit tett samarbeid mellom grunnskule og vidaregåande skule.
- det er faste møter mellom opplæringskontor, OT, PPT, kontaktlærer og arbeidslivskontakt

3.2 Elevane skal få relevant opplæring ved at:

- faglærarane får fagleg oppdatering m.a. gjennom hospitering, etterutdanning og fagnettverk slik at elevane opplever ein samanheng mellom det dei lærar som elevar og som lærlingar.
- det er god og jamleg kontakt mellom skulen og eksterne samarbeidsbedrifter
- alternative opplæringsløp (særløp, vekslingsmodellar, praksiskandidat, lære kandidat, opplæringsbrev) vert gjort kjend og tatt i bruk.
- skulen vidareutviklar samarbeidet med fagskulen, høgskulen og næringslivet om læringsarena og opplæringsutstyr.

3.3 Institusjonalisere rutinar for individuell oppfølging av elevar som har ulike utfordringar gjennom:

- å samordne rutinar for oppfølgingsarbeid i elevtenesta, nærværteamet, PPT, OT og NAV i skulen
- å styrkje samarbeidet mellom skulen og eksterne aktørar

Satsingsområde 4. Utvikling av skulebygga og samlokalisering av Mo og Øyrane – og Hafstad vgs.

Kvalitetsmål

Å bygge for eitt samla og sterkt skulemiljø for alle elevane i vidaregåande skule i Førde, som skal legge til rette for gode relasjonar mellom elevar og tilsette. Denne relasjonen er viktig for elevar sin læring og trivsel. Skulebygget skal legge til rette for at elevar og tilsette blir kjent og kan vere i lag på tvers av fagområde, samtidig som alle elevar skal få tilhøyra sitt utdanningsprogram.

Strategi

4.1 Det skal skapast forankring for arbeidet ved at:

- elev- og tilsettere representantar vert involvert i planarbeidet (rom- og funksjonsprogrammet) gjennom å delta i brukargrupper
- det skal leggast til rette for ein open prosess der alle får høve til å følgje å påverke arbeidet